

26. november 2018-11-25

Lindås kommune v/ Per Sveinar Morsund

## **Vedrørende tilleggsdokumentasjon for byggesøknad på gnr/bnr 139/22 – Alversund**

Vi viser til dykkar brev datert 15.11.18, dykkar ref. 18/3137 – 18/3446.

Eigedom 139/22 – Kyrkjevegen 48 i Alversund er felleseige mellom meg og ektemannen min Håvard Bjordal. Det praktiske vedrørende dispensasjonar og byggesak er i hovudsak utført av Håvard. Dette går også fram av dispensasjonane som er grunnlag for denne byggesøknaden.

Vi har tidlegare gjeve fullmakt til Sveinung Seim som både skulle søke og bygge for oss.

Vi stadfester derfor her ein gong at Sveinung Seim som profesjonell bygningsmann gjer dette på vegne av oss.

Slik sett stiller vi oss undrande til etterlysning av tilleggsinformasjon, punkt 2 i dykkar brev (vedrørende teknisk forskrift).

Dette må avklarast frå Sveinung Seim (tlf. 9209 8666) som også får kopi av denne sendinga.

Skulle det vere trong for ytterlegare informasjon kan de enten ringe meg – tlf. 4121 9771 eller Håvard – tlf. 9753 9167.

No ser vi fram til snarleg og positivt svar på byggesøknaden vår!

Med helsing

*Aud H. Rysjedal Bjordal*

Aud H. Rysjedal Bjordal

*Håvard E. Bjordal*  
Håvard E. Bjordal





Håvard Bjordal  
Myrdalskogen 363  
5117 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3137 - 18/34646

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
15.11.2018

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 139/22 Tveiten nedre

Tiltak: Tilbygg til fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 139/22  
Tiltakshavar: Håvard Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.10.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje samsvar mellom kontaktopplysningar og signatur i søknad. Kontaktinformasjon til Håvard Bjordal er oppgitt, men søknad er signert av Sveinung Seim. Vi gjer også merksam på at eigedommen ikkje er registrert på Håvard Bjordal. Vi ber om at rette eigar signerer på fullmakt som er sendt inn saman med søknad og at det blir samsvar i opplysningar for fullmakt og søknad.
2. Det er opplyst at tiltaket ikkje skal prosjekterast og utførast i samsvar med teknisk forskrift. Det er ikkje lagt ved skriv om kva punkt i teknisk forskrift ein ber om fritak for og grunngjeving for at det bør gjevast slik fritak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 07.01.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Håvard Bjordal

Myrdalskogen 363 5117

ULSET